



## Mjølkeposten frå TINE Vest

Nr. 12 DESEMBER 2010 - 9. ÅRGANG



### God Jul og Godt Nytt År!

Vi takkar eigarar, tilsette  
og samarbeidspartnarar for  
godt samarbeid i året  
som snart er til ende,  
og ynskjer alle ei  
God Jul og eit  
Godt Nytt År.

Beste helsing  
TINE Vest TINE SA

### Innmåling pr. 30. november 2010

#### Region Vest

Kumjølkk 212,1 mill liter (99,7 % av 2009) – Geitemjølkk 6,112 mill liter (97,2 % av 2009)

#### TINE

Kumjølkk 1308,6 mill liter (100,2 % av 2009) – Geitemjølkk 19,569 mill liter (100,4 % av 2009)

#### Landet

Kumjølkk 1372,9 mill liter (100,6 % av 2009) - Geitemjølkk 19,569 mill liter (100,4 % av 2009)



**Geno-utvala i Sør og Vest inviterer  
til Storfetreff på Hotel Ullensvang  
28. – 30. januar 2011**



**Fredag 28. januar**

Kl. 16.00 Frammøte m/ kaffe/te og kake

Kl. 17.00 Humoristisk innslag med standup-komiker Lasse Pedersen frå Karmøy  
– tidlegare medlem av revy- og visegruppa 3 Busserulls

Kl. 19.30 Buffet/middag og sosialt samvær

**Laurdag 29. januar**

Programmet byrjar kl 09.00 med følgjande tema utover dagen:

- NAV – Nordisk avlsverdivurdering v/ Gert Pedersen Aamand, dagleg leiar i NAV
  - Kvar står Geno i høve til eit framtidig samarbeid med NAV?  
v/ Jonas Hadland, styremedlem Geno
  - Ny kvigemåling - betre vurdering og tilpassa internasjonal standard  
v/ Ingunn Nævdal, Geno
  - Praktiske erfaringar med dei nye kvigemålingane  
v/ Tore Joa, TINE Sør
  - Kriterier for okseseleksjon i NRF-avlenn v/ Hans Storlien, Geno
  - Presentasjon av Landbrukstenestene i Hordaland v/ Gjermund Stuve
- Dagen avsluttast med buffet/middag og sosialt samvær.  
Smalahove-helg med underholdning!

**Søndag 30. januar**

Kl. 10.00 Natursti med gjennomgang/premiering.

Kl. 12.00 Lunsj og heimreise.

**Prisar**

Deltakaravgift kr 2.400.- per person i dobbeltrom.

Tillegg for einerom kr 355.- pr. døgn.

Born 3-14 år halv pris på rom med foreldre.

Born 0-2 år kr 100,- per natt utan eiga seng.

Babyseng 225,- per natt.

**Påmelding**

Innan 12. januar 2011 til Geno sentralbord på telefon 950 20 600  
eller per epost [post@geno.no](mailto:post@geno.no).

Arr: TINE og Geno

## **MED TINE TIL MIDTVESTEN 25. juni – 7. juli 2011**

I samarbeid med Sabra Tours Kulturreiser tilbyr vi ein innhaldsrik tur til Illinois – Wisconsin – Minnesota – Nord- og Sør Dakota.

Turen omfattar landbruk, natur, kultur og historie i området. Det blir besøk hos fleire "norske" amerikanarar og farmarar.

Reiseleiingar: Johan Arnt Skrettingland frå TINE Sør og Øystein Ramberg frå Sabra Tours. Begge er svært erfarne reiseleiingar.

For spørsmål om turen, ta kontakt med: Johan Arnt Skrettingland telefon 913 95 501 eller Øystein Ramberg telefon 69 27 40 20.



Mount Rushmore National Memorial der presidentane George Washington, Thomas Jefferson, Theodore Roosevelt og Abraham Lincoln er hogne inn i fjellet. Vi skal besøkje monumentet som finst i Black Hills i Sør-Dakota, eit av dei viktigaste områda for Sioux-indianarane.

Program for turen kan du få tilsendt ved å ta kontakt med Bjørg Garnes i TINE Vest, telefon 56 13 67 14, e-post: [bjorg.garnes@tine.no](mailto:bjorg.garnes@tine.no)

Detaljert program på internett finn du her her:

[http://www.sabra.no/kulturreiser/usa - midtvesten/](http://www.sabra.no/kulturreiser/usa_-_midtvesten/)

# NYTT FRÅ STYRET

**Styremøte i TINE Vest 26. november 2010  
v/ kommunikasjonssjef Olav Håland**

## **Innveging av ku- og geitemjøl**

Det har vore låg innveging i oktober på kumjøl. Innveginga så langt i år 0,5% lågare enn tilsvarande tidspunkt i 2009. Innveginga på geitemjøl er så langt i år 3,4% lågare enn i 2009, men ein ventar auka innveging på geitemjøl etter kvart som ein får effekt av sjukdomssanerte buskarar.

## **Produksjon**

Produksjonen av kvitost er så langt i år 6% over budsjett, medan brunost ligg 9% under budsjett. Når det gjeld gomeprodukta er det produsert 3% meir enn budsjettet og UHTprodukta samla ligg 14% over budsjett. For faste produkt samla ligg vi 9% over budsjett og likt med 2009. Når det gjeld søtmjøl ligg vi på 99% i høve til tilsvarande tid i 2009, medan vi har hatt ein tilbakegang på knappe 4% når det gjeld syrna produkt.

## **Fleire høyringssaker**

Fleire høyringssaker vert sendt ut til produsentlaga. Dei sakene det dreiar seg om er:

- Betaling for tørrstoff i kumjøl
- Endring i kvalitetsbetaling av geitemjøl
- Tillegg for kukontrollmedlemskap og trekk for manglande KSL

Høyringsfristen for produsentlaga vart sett til 14. januar, slik at vi kan handsame sakene i styremøtet 24. og 25. januar. Sakene sender vi på e-mail (og varsling på SMS) til alle medlemmar i arbeidsutvala.

I tillegg har vi mottatt ei høyringssak frå landbruks- og matdepartementet om forslag til ny forskrift om kvoteordninga for mjøl. Styret utfordra "Landbrukspolitisk utval" til å utarbeide framlegg til uttale som styret handsamar seinare.

## **Økonomisk status pr. oktober**

Det har vore litt lågare produksjon i oktober enn budsjettet, men produksjonen har tatt seg opp att i november. Resultatet så langt i år er på 24,6 mill. kr, i høve til eit budsjett på 2,3 mill. Vi ligg 3,1% under budsjett når det gjeld driftskostnader og har 1% lågare driftskostnader enn i 2009. Vi ligg godt under fjoråret i kvalitetskostnader. Sjukefråveret er gått ned og ligg hittil i år på 7,94%. Mykje tyder difor på at 2010 vert eit bra år.

## **Driftsbudsjett 2011**

Driftsbudsjettet for TINE Gruppa er planlagt vedteke i Konsernstyret tidleg i desember.

Oppkøyring av regionane sitt budsjett for kostnadsdekning er under arbeide.

Produksjonsbudsjettet for TINE Vest tilseier ein produksjon i 2011 som er samla sett 1% over 2010. I budsjettforslaget som forelåg for TINE Vest har ein budsjettet samla driftskostnader ei knapp %-eining høgare enn rekneskapsprognosen for 2010.

## **Melding frå TINE Vest for 2010**

Etter som TINE Vest ikkje er eigen juridisk eining frå 1.1.2010 vert det ikkje noko formell årsmelding frå TINE Vest for 2010. Det vert ein samla årsrapport for TINE Gruppa. Styret drøfta behov for informasjon frå TINE Vest i samband med årssamlingane. Det er behov for informasjon om styret sitt arbeid, informasjon om drifta i TINE Vest og informasjon frå Rådgjeving og Medlem. Det siste omfattar også utmerkingar for ekstra god mjøl, plakettar og sølvtniner. Styret ba administrasjonen utarbeide ei enkel melding som vert sendt ut i samband med innkalling til årssamlingane. Meldinga leggjast og ut på medlemssida på nettet.

## **Strategi for rådgjeving og medlem**

TINE er i ferd med å foreta ein gjennomgang av sin strategi knytta til rådgjeving og medlemsarbeid (TRM). Dette arbeidet byggjer på TINE sin overordna konsernstrategi og tidlegare strategiar i TRM. Ei gruppe har starta opp dette arbeidet. Planen er å ha eit utkast til strategi klar for høyring i løpet av våren.

# **NYTT FRÅ STYRET**

## **Styremøte i TINE Vest 16. desember 2010 v/ kommunikasjonssjef Olav Håland**

### **Innveging av ku- og geitemjøl**

Etter ein noko svak oktober ser vi nå ut til å vera betre i rute. Innmålingstala for november viser 1% opp samanlikna med same månad i 2009. Så langt i år ligg vi nokså likt med fjoråret. Innvegingstala for TINE samla ligg så langt i år nokså likt med fjoråret. Når det gjeld geitmjøl vart det levert ein del meir i november i år, samanlikna med 2009. Så langt i år er det levert om lag 3% mindre geitmjøl i TINE Vest enn i 2009.

### **Produksjon**

Produksjonen av kvitost er så langt i år 3% over budsjett og 1% over fjoråret medan brunost ligg 8% under budsjett og 7% lågare enn fjoråret på same tid. UHT-produkta samla ligg 13% over budsjett. For faste produkt samla ligg vi 9% over budsjett og 1% bak fjoråret. Når det gjeld søtmjøl ligg vi på 99% i høve til tilsvarande tid i 2009, medan vi har hatt ein tilbakegang på omlag 4% når det gjeld syrna produkt.

### **Økonomisk status pr. november**

Bruttofortenesta pr. november ligg 0,7% over budsjettet, noko som skuldast at produksjonen er høgare enn budsjettet. Sum driftskostnader ligg 3% under budsjett. Rekneskapen for TINE Vest pr. november syner eit driftsoverskot på knappe 30 mill. kr, mot eit budsjettert overskot på vel 4 mill. Det er kombinasjonen av god produksjon og god kostnadskontroll som gir denne positive bunnlina. Vi har dessutan god kvalitet, både på råstoffet og ferdigvarene, samt ein positiv trend når det gjeld sjukefråveret. Sjukefråveret i oktober var på 6,2%. Hittil i år er sjukefråveret 7,8% mot eit mål på 8%. På same tid i fjor var sjukefråveret 8,5%.

Styret er godt nøgd med drifta og det økonomiske resultatet så langt i år. TINE Vest bidreg til eit godt samla resultat for TINE Gruppa i 2010. Styret er og nøgd med utviklinga i sjukefråveret. Dette er ei sak som har vore oppe på mange styremøte. Styret takka administrasjonen for eit godt arbeid. Samstundes ønskjer styret fortsatt fokus på sjukefråveret for å føra den gode trenden vidare.

### **Nye kapitalinstrument i TINE**

Saka gjeld bruk av etterbetalingsfond og medlemskapitalkonti i TINE i tråd med den nye samvirkelova.

Saka har vore til handsaming i produsentlaga. Til tross for at dette er eit vanskeleg tema har 42 av dei 46 produsentlaga avgitt uttale. Det tykte styret var særst bra.

Etterbetalingsfond er nokså uproblematisk. Dei fleste meiner dette er noko vi ikkje kjem utanom om vi ønskjer å halda fram med å utbetale noko av resultatet på forskot og ordninga med kvotelån.

Uttalane om medlemskapitalkonto spriker og ber preg av at forslaget ikkje er nok konkret. Her er det fleire spørsmål som krev avklaring. Styret meiner det må utarbeidast ei konkret skisse. Styret meiner at dersom denne saka skal handsamast på årsmøtet i TINE i slutten av april må det føreliggja ei konkret skisse i samband med årssamlingane,

slik at medlemmene kan ta stilling til dette. Det er viktig å bruke tilstrekkeleg tid på denne saka slik at den vert godt forankra i medlemsorganisasjonen. Basert på høyringsuttalane og drøftinga i styret sender styret ein uttale til TINE SA.

## **Diverse**

- Det er sett i gang eit arbeid med å utarbeide uttale i samband med komande jordbruksforhandlingar. Landbrukspolitisk utval er utfordra til å sjå på saka og kome med forslag til uttale som styret vil handsame på styremøtet i januar.
- Produksjon av julebrunost i England er ei sak som har fått mykje merksemd i mediene og styremedlemmane hadde fått spørsmål om dette frå medlemmane. Dette er ein prøveproduksjon for å teste om det er marked for ein slik type ost. Ostemassen vert produsert på TINE-anlegg av norsk råstoff. Dette halvfabrikatet, i form av ostepølser, vert så sendt til vårt meierianlegg i Ilchester, sørvest i England. Her vert ostemassen tilsett krydder og rosinar, før den vert forma til runde ostar og forseгла med voks. Ilchester Cheese Co. Ltd. er eigd av selskapet Norseland, som igjen er eigd av TINE. Vi har ikkje denne teknologien på våre brunostanlegg her til lands og det vil medføre nokså store investeringar å skaffe slikt utstyr. Planen nå er å sjå korleis salet blir, deretter vil ein vurdere korleis osten evt. skal produserast seinare år.

----- 000 -----

Mjølkeposten frå TINE Vest - Informasjon til eigarane  
Postboks 6030 Postterminalen, 5892 Bergen  
Telefon 03080 - Telefaks 22 96 72 96  
Redaktør: Bjørn Klette  
Ansvarleg: Organisasjonssjef Odd Fauske  
<http://medlem.tine.no/>